Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ogndal

Emne: Ymse attåtfor

Bygdelag:

Oppskr. av: Anton Sevngstad

Gard:

(adresse): Box. 63. Steinkjer

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

Rötter og bregner bruktes ikkje her.

II

Tang og tare bruktes ikkje her.

III IV

Annet for og husternick bruktes ikkje her.

V

Sörpefor har vore nytta til kyr og sau etter födsel. Soleis höy eller lauv med varmt vatn på og mel.

VI

Fiskavfall har en heller ikkje nytta her.

Under siste verdenskrigen då tyskarane reiste med höy- og halmavlingen vart som nödfor brukta cellulose, som en kjöpte i baller. (Papir)

2312

Desse plateine vart rivne sund og brukt som fôr til kyr, hest og sau. Serleg kyrne vart reint glubske etter det og mjølkytinga auka også. Men det var delte meiningar om det var bra for dyra — og då serleg for kyr. ~~Det~~ Dei vart beinskjöre og dårlig tilbeins når en slepte dei ut om våren.

Dette hjelpefôret vart brukt i store mengder her i bygda og i nabobygdene. Det var bøndenes salgslag som ordna med denne fôrseljinga.

#

2312
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING